

Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

ynskjer velkommen til årsmøte og medlemsmøte / sosial samling



Stad: Thon hotell, Skei

Tid: Laurdag 9. februar 2019 kl. 11.00

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i NSK avd. Sogn og Fjordane.

Alle er velkomne, men for å ha stemmerett må medlemskontingent for 2019 vere betalt.

Sakliste årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering
 - stemmerett
 - val av ordstyrar
 - val av referent
 - val av 2 personer til å skrive under protokoll
3. Årsmelding 2018 – ligg på heimesida
4. Rekneskap 2018
5. Budsjett og aktivitetsplan 2019
6. Innkomne saker
 - a: Kåring av årets mestvinnande i avdelinga – justering av statuttar
 - b: Opprette bonusordning for dugnadsarbeid
7. Val
 - valnemnda/styret sitt framlegg

**Utdeling av premiar til mestvinnande spaniels i fylket 2018 (sjå årsmeldinga for namn).
Utdeling av premiar adventskonkurranse.**

Det vert lunsj ca. kl. 12.00 og etterpå medlemsmøte.

Denne gongen er fagtema kva skal til for å starte på dei ulike prøvane avdelinga arrangerer.

Det vert ei innføring i nytt regelverk med innføring av eliteklasse i blodspor. Det vert råd å diskutere alt som gjeld spaniels.



Utlodding

Alle tek med seg ein liten premie til utlodding, verdi maks kr. 50. Premien skal vera innpakka. Avdelinga stiller med gavekort på ein start på prøve (eller tilsvarende verdi ved bruk på kurs og anna aktivitet i avdelinga). Hugs å ta med kontantar viss du ikkje har vipps.

Hugs påmelding til lunsj på eige skjema innan 2. februar.

Vel møtt!

-Styret -

Sak 4 – Rekneskap 2018

Rekneskapet for 2018 viser eit overskot på kr. 15.286.

Revidert rekneskapet (med forklaringar og fordeling på aktivitet) vert lagt fram på møtet.

Sak 5 – Budsjett og aktivitetsplan 2019

Budsjett 2019	Inntekt	Utgifter
Sporprøver	18000	8000
Jaktanlegg/apportprøve	2000	6000
Rallylydigheit	20000	15000
Bruksprøve	4000	4000
Jaktkurs	10000	10000
Dommarsamling/ettersøk	800	5000
Trimmekurs	10000	10000
Aktivitetstiltak (samling/kalender m.m.)	4000	3000
Årsmøte	1000	5000
Årsmøte årets mestvinnande		2000
RS NSK		5000
Porto/konvoluttar		1000
Diverse utgifter		5000
Styremøter		2000
Sum	69800	81000

Underskot 2019

11200

Aktivitetsplan 2019

Dato	Stad	Aktivitet
9. februar	Thon hotell, Skei	Årsmøte
9. februar	Thon hotell, Skei	Medlemsmøte/Fagtema
30. – 31. mars	Årdal	Dobbelt rallylydigheitsstevne
	Ikkje avklart	Jaktkurs
15. - 16. juni	Nordfjordeid	Dobbel ordinær blodsporprøve (Regionmesterskap 15.6)
22. juni	Årdal	Ordinær blodsporprøve
3. – 4. juli	Luster	Ordinær blodsporprøve – 2 dagarsprøve
21. august	Luster	Brukshundprøve NBF - spor
24. august	Nordfjordeid	Jaktanleggsprøve
24. august	Nordfjordeid	Apportprøve
	Ikkje avklart	Trimmekurs/pelsstell
1.5 – 30.9	Sogn og Fj.	Bevegelig blodsporprøve
1.7 – 30.9	Sogn og Fj.	Bevegelig fersksporprøve
Heile året	Sogn og Fj.	Aktivitetsdagar Me arrangerer aktivitets/temadagar fordelt i heile fylket. 2-3 samlingar i løpet av året.
Heile året		Klippekurs etter avtale

Sak 6. a: Justering av statuttar for årets mestvinnande

Mange i avdelinga er ikkje flinke til å sende inn resultata sine verken til avdelinga eller til klubben sentralt. Korleis skal me få til ei forbetring av dette for å synleggjere kor stor aktivitet me har i avdelinga og synleggjere kor mange flinke medlemmer/hundar me har? Det er også kjekt å kunne premiere den som verkjeleg ER best. Fleire gløymer å sende inn og gløymer fristar. Dette gjeld også høgt premierte hundar.

Alternativ 1: Me brukar samme skjema som klubben sentralt for bruksresultat og vidaresender dei skjema som kjem inn til klubben sentralt som me røkk å vidaresende før fristen. Problemet er at utstillingsresultat ikkje vil verta registrert og resultat som kjem siste dagane røkk me ikkje å videresende.

Alternativ 2: Me lagar eit google skjema der ein også kryssar av for om vedkommande vil at styret skal videresende innsendte resultat til klubben sentralt. Me må då setje tidlegare frist for innsending slik at styret røkk vidaresending innan fristen 31.12. I praksis er det få som konkurrerer i desember, så det er ikkje noko stort problem.

Sak 6. b: Innføring av bonusordning for dugnadsarbeid

Det vert laga eit google skjema der alle som arbeider dugnad for klubben i samband med arrangement, prøver, treningar, sporlegging osv. kan melde inn dugnadsarbeid. Hadeland hundeklubb har eit liknande system og har fylgjande informasjon/system/satsar:

Styret vedtok å innføre bonuspoeng for å belønne medlemmer som jobber frivillig på fellestreninger, dugnad og stevner. Vaffelvakt gir 50 bonuspoeng per kveld. Forøvrig kan man få 50, 100 eller 150 bonuspoeng per gang man stiller opp på klubbens arrangementer, avhengig av hvor lenge man jobber.

(0 - 3 timer): 50 poeng

(3 - 6 timer): 100 poeng

(6 timer +): 150 poeng

Poengene kan veksles inn i rabatter på kurs med klubbens egne instruktører, deltakeravgift på klubbmesterskap og treningsavgift i hallen. Medlemmene har selv ansvar for å påse at poengene blir registrert på poengskjemaet på denne siden. Poengene kan bare brukes som medlem av Hadeland Hundeklubb.

Styret kan tenkje seg å innføre ei slik bonusordning men kan tenkje seg ei ordning at den som er ansvarleg for arrangement i oppgåve å melde inn bonuspoenga. Me er ei lita avdeling med få medlemmer, slik at me er avhengig av hjelparar utanfor avdelinga for å få til den høge aktiviteten som me har. Dei som hjelper til mens som av naturlege grunnar IKKJE er medlem av klubben, kan også opparbeide seg bonuspoeng som kan løysast ut på ein passende måte. Styret ber årsmøtet om fullmakt til å arbeide ut retningslinjer for ei slik bonusordning og til å teste dette ut i 2019.

Sak 7 – Val

Styret har fungert som valnemnd då me ikkje hadde medlemmer som var villig til å sitje i valnemn i året som har gått.

Styret sitt framlegg til nytt styre og andre verv:

Verv	Namn	Periode	
Leiar	Laila Røneid	2018/2019	
Nestleiar	Hilde Rotihaug	2019/2020	Tek attval
Styremedlem	Inger Handegård	2018/2019	
Varamedlem	Torhild Ulvesæter	2019	Tek attval
Kasserer		2019	
Revisor	Frank Fardal	2019	Tek attval
RS-utsending 2019	Vara		11-12 mai
Hilde Rotihaug	Linn Didriksen Solsvik	2019	
Laila Røneid	Inger Handegård	2019	
Brukskontakt	Inger Handegård	2019	Tek attval
Jaktkontakt	Linn Didriksen Solsvik	2019	Ny
Webansvarleg	Inger Handegård	2019	Tek attval
Valnemnd			
Medlem			
Medlem			
Vara			